



# Meland kommune

## Tilleggsinnkalling til Kommunestyret

**Møtedato:** 12.12.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 15.00 - 22.00

Næringsrådgjevar John Fredrik Wallace vil kome og orientere om Sambandet Vest. Eventuelle forfall må meldast til Randi Helene Hilland per tlf. 56171034, sms til eller per epost til randi.hilland@meland.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
91/2018	Uttreden av Nordhordland Revisjon IKS

18. februar 2019

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Helene Hilland  
sekretær

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FE - 216, TI - &50	18/2799

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
91/2018	Kommunestyret	PS	12.12.2018

## Uttreden av Nordhordland Revisjon IKS

### Vedlegg:

Særutskrift frå møte i Fellesnemnda Alver 03.12.18, sak 062/18 - Revisjonsordning Alver kommune

Vedlegg 1

Vedlegg 2

Vedlegg 3

Vedlegg 4

Vedlegg 5

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Fellesnemnda har i sak 065/18 fatta følgjande vedtak:

«Alver kommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.»

Vedtaket i fellesnemnda gjer at Meland kommune må si opp deltaking i Nordhordland Revisjon IKS. I henhold til selskapsavtalen §20 kan deltakarar sei opp med eit års skriftleg varsel. Oppsigelsestiden vert med dette ut 2019.

#### Lova sine rammer for val av revisor.

Kommunelova § 78, 3. og 4. ledd legg til grunn at det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha og som vel kven som skal vere kommunen sin revisor. Kommunestyret sitt val av revisjonsordning og revisor skjer på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalet.

#### Kommuneloven § 78 3. ledd

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».

#### 4. ledd

*«Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget».*

I samband med samanslåinga av Radøy, Meland og Lindås kommunar er det i tråd med Inndelingslova § 26 oppretta ei fellesnemnd for å samordne og førebu samanslåinga. Etter § 26 femte ledd kan fellesnemnda få fullmakt til å tilsetje revisor, vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annen revisor.

Utgreiing for val av revisjonsordning for Alver kommune.

Inndelingslova § 26, 5. ledd:

*«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»*

Dei tre kommunane har i tråd med lovkrav ved søknad om kommunesamanslåing fatta vedtak om fellesnemnda si samansetting og oppgåver i møte den 22.06.17.

Det vart i møte vedteke at:

5 «Fellesnemnda får fullmakt til å:

5.5 gjere vedtak om val av revisor og sekretariat for kontrollutvalet, på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala, jfr. Inndelingslova §26 femte ledd, første punktum»

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek å tre ut av Nordhordland Revisjon IKS frå og med 01.01.2020.